



Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtedato: 25.10.22, Møterom: Vikadalen, kl: 12:00

Tilstades: Øystein Wangen, Patricia Seglem Lægreid, Heidi Mørkrid, Karin Moen, Dag Audun Strand og Line Hillestad (politisk representant, AP)

Fråværande:

Frå administrasjonen: Mette Hestetun Berg – Kommunalsjef Helse og omsorg.

Sakslista:

017/22 Godkjenning av innkalling og signering av referat.

Likar at det er lista opp punktvis og innkallinga kjem på «gamle»måten.

Patricia Seglem Lægreid og Heidi Mørkrid signerar protokollen.

Saka teke til viten.

018/22 Godkjenning av førre referat

Vera litt flinkare til å følgje opp spørsmål og svar.

Saka teke til viten.

019/22 Barnekoordinator i Årdal kommune:

Brev frå Vestland fylkeskommune med ei oppmading om å sjekke med eigen kommune korleis det går med dette arbeidet.

Mette svarar: rettleiaren er ikkje så gammal, så arbeidet er ikkje i hamn, dette gjeld for born og unge med samansatt behov for tenester. Midlertidig løysing er at Koordinerande eining tek denne oppgåva fram til ei betre løysing er på plass. Koordinering for born er mykje meir tidkrevande enn for vaksen, så koordinerande brukar mykje tid på dette i dag. Der skal komma inn midlar til kommunane for denne type oppgåver. Det er nemt frå regjeringa, men det er ikkje øyremerka midlar så uvist om det gjeld tilsetjing av ein person eller om dette kan løysast på ein annan måte. NAV sit bidrag er sterkt redusert gjennom utviklinga dei har vore gjennom dei siste åra, ulikskap vert standarisert.

Line kommenterer. Det som er veldig nytt i denne rettleiarane gjeld og for ufødt born, men her er jo jordmor og helsesjukepleiar sentrale. Barnekoordinator er eit begrep, men det er ei oppgåve som i teorien kan tilleggast fleire forskjellelege personar. Mangen lærarar har denne type oppgåve allereie med elevar med behov i klassen.

Line har vore på kurs i 2-3 dagar, som har gitt ho mange idear til moglege løysningar frå andre kommunar.

Saka er teke til viten.

020/22 SFO i Årdal for born med nedsett funksjonsevne

Saka har vore oppe i Utval Helse og omsorg og det går på at born/familiarar får ikkje tilbod om SFO i skulefrie periodar med mindre 5 born søker om SFO (Sommarferien, haustferien og vinterferien, stengt i juleferien og påskeferien)

Regelen om at 5 born må søkja om SFO for at SFO skal halde ope i gitte feriar. Det er sett på fleire moglege løysningar, men det har ikkje landa på noko som er tilfredstillande. Dette slår hard ut alle familiarar som treng SFO, men og spesielt hard ut for familiarar med born med nedsett funksjonsevne. Kommunalt råd må komma med innspel. Line Hillestad vil informere Leiar i rådet dersom dette kjem opp som ei sak ut Utval for oppvekst og kultur.

Saka er teke til viten.



Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtedato: 25.10.22, Møterom: Vikadalen, kl: 12:00

021/22 Ymse

- **Inngangen til Sogn og Fjordane sparebank:** utilgjengeleg for kommunalt råd sine brukarar. Øystein og kanskje ein rullestolbrukar burde besøkt sparebanken. Må etterspørje kven Sparebanken har vore i kontakt med når dei laga nytt inngangsparti. Kven i kommunen har uttalt seg i saka? – kopi til Bjørn Indrebø.
- **Støttekontakt.** Kommunen nyttar ein sats pr støttekontakt uavhengig av belastningen og kunnskapsnivå. Sjekkar ein nett ang dette så er det løysningar som er meir rettferdige i forhold til støttekontaktens kunnskap/ansiennitet. Lågterskeltilbod til heile samfunnet, uavhengig av behov. Kommunalsjefen tek dette med seg.

Lenka til skjema «Søknad om å bli støttekontakt»:

<https://www.ardal.kommune.no/selvbetjening/handlers/skjema.ashx?skjemaid=22&MId1=992>

Lenke til å søkja om å få støttekontakt «Søknad om å få helse og omsorgstenester»:

<https://www.ardal.kommune.no/selvbetjening/handlers/skjema.ashx?skjemaid=13&MId1=992>

- **Avlasting på sjukeheimane.** Kommunen tilbyr i dag avlastning til 6 personar. Det er ynskjeleg å få ein plass til for å tilby kontinuerleg avlastning. Dette ses det på i administrasjonen.
- **Kommunalplan: Idrett, fritidsaktivitet og friluftsliv.** Denne vert sendt ut i dag for gjennomlesing og eventuelt kommentering. **Frist 3. nov.**

Ymse tatt til viten.

Patricia S. Lægreid

Heidi Mørkrid